



Arkivnr: 2014/927-9  
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016
Fylkestinget		14.06.2016

## Finansrapport 1. tertial 2016

### Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld er nær 9,4 mrd. kr. 54,9% av gjelda har rente som er bunden i meir enn eitt år. Fylkeskommunen er dermed lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men på lengre sikt kan ein eventuell auke i rentenivået bli ei stor utfordring.

Gjennomsnittleg rentenivå for låneporteføljen er 2,47 %, 0,07 % lågare enn ved årsskiftet. I 2016 ser det ut til å gå mot ei innsparing i netto renteutgifter på 10 - 15 mill. kr.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2016 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

1 Rapport gjeldsportefølje pr. 30.04.16 (BCM)

**Fylkesrådmannen, 02.05.2016**


I 1. tertial er det teke opp eit nytt obligasjonslån på 475 mill. kr med fast rente i 5 år (1,84 %).

**Lånegjeld**

	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt
Lånesaldo 1. januar	8 916 691	203 000
Nye låneopptak i 2016	475 000	0
Avdrag	1 000	0
Lånesaldo 30. april	9 390 691	203 000

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 422 000	25,8 %
Obligasjonslån	8	3 310 000	35,2 %
Kommunalbanken (langsiktige)	12	3 658 691	39,0 %
<b>Totalt</b>	<b>27</b>	<b>9 390 691</b>	<b>100,0 %</b>



Kommunalbanken er framleis største långjevar for fylkeskommunen med 39 % av låna. Men dei siste åra er det for det meste teke opp sertifikatlån og obligasjonslån. Kommunalbanken sin del av porteføljen er på veg nedover.

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der banken opptretr som mellommann. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

### Gjeldsgrad

Ved siste årsskifte hadde Hordaland fylkeskommune ein netto gjeldsgrad på 101,6 % av driftsinntektene. Dette er høgaste gjeldsgraden mellom fylkeskommunane. I gjennomsnitt utgjorde netto lånegjeld for fylkeskommunane 64,1 % av driftsinntektene. Gjeldsgraden for Hordaland auka frå 95,9 % i 2014.

Ein ventar at Hordaland i 2016 vil kome opp i ein gjeldsgrad på i overkant av 110 %.

Det er vanskeleg å setje noko eksakt grense for kva som er eit berekraftig gjeldsnivå. Det avheng av mange faktorar, t.d. framtidig inntektsvekst, forventning om utvikling i rentenivå osv. I ein rapport frå Riksrevisjonen (Dokument 3:5 2014-2015) vert grensa for når gjeldsnivået byrjar å bli faretruande høgt sett ved 75 %. Dette tilseier at Hordaland fylkeskommune i komande økonomiplanar bør leggje opp til å dempe veksten i lånegjelda.

### Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	31. des. 2015			30. apr. 2016		
	Lånesaldo	Andel	Rente	Lånesaldo	Andel	Rente
Lån med rentebinding over 1 år	4 676 000	52,4 %		5 151 000	54,9 %	
Lån med flytande rente / rentebinding under 1 år	4 240 691	47,6 %		4 239 691	45,1 %	
<b>Totale lån</b>	<b>8 916 691</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,54 %</b>	<b>9 390 691</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,47 %</b>

Ein har definert grensa mellom fast og flytande rente ved 1 år. Ved utgangen av august hadde 54,9 % av låneporteføljen fast rente.

Pr. dags dato har fylkeskommunen 3 lån i Kommunalbanken og 3 obligasjonslån med fast rente. I tillegg har ein 10 rentebytteavtalar, der ein betaler fast rente og mottar flytande rente. På denne måten sikrar ein renta på lån som er tekne opp med flytande rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen har i løpet av 1. tertial gått ned frå 2,54 % til 2,47 %.

### Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr 30. april er bindingstida 2,2 år.

Oppstillinga på neste side viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 41 % av låna vil få regulert renta i løpet av 2016.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2016	3 849 691	11	41,0 %
2017	1 115 000	3	11,9 %
2018	555 000	2	5,9 %
2019	951 000	3	10,1 %
2020	1 005 000	3	10,7 %
2021	1 095 000	3	11,7 %
2022	820 000	2	8,7 %
<b>Total</b>	<b>9 390 691</b>	<b>27</b>	<b>100,0 %</b>

### Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjera meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over lån som har forfall kvart år framover.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2016	3 242 000	9	34,5 %
2017	1 115 000	3	11,9 %
2018	555 000	2	5,9 %
2019	730 000	2	7,8 %
2020	1 005 000	3	10,7 %
2021	1 083 000	3	11,5 %
2022	813 300	2	8,7 %
2023-	847 391	3	9,0 %
<b>Total</b>	<b>9 390 691</b>	<b>27</b>	<b>100,0 %</b>

Pr. 30. april har fylkeskommunen 6 sertifikatlån og 1 kortsiktig lån i Kommunalbanken med sertifikatvilkår. Fire av låna har løpetid på 3 mnd., eitt på 9 mnd. og to på 12 mnd. Obligasjonslåna har løpetider frå 2 - 7 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år.

For å avgrense refinansieringsrisikoen, er det viktig å planleggje forfall, slik at ein unngår at mange lån har forfall i løpet av eit kort tidsrom. På neste side er vist eit oversyn over forfall kvar måned ut 2016. Tre obligasjonslån har forfall og skal fornyast.

For tre av setifikatlåna, som vert fornya kvar 3. mnd, har ein «rulleringsavtale» med DNB. Dvs. at banken fornyar låna ved kvart forfall. På denne måten har ein redusert refinansieringsrisikoen til eit minimum. For tida oppnår ein vesentleg lågare rente på denne måten enn om ein hadde teke opp meir langsiktige lån.

Oversynet viser at det er i månadene juni og oktober ein har flest lån som skal fornyast. Kvar av desse månadene er det 3 lån som har forfall, og lånesummen som skal refinansierast er i overkant av 1 mrd. kr kvar av desse månadene.

Mnd	Tekst	Sertifikat	Langs. lån	Kommentar
mai	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	340		
jun	Obligasjonslån		450	Fornyast for 9 eller 12 mnd
	Sertifikat 3 mnd.	335		
	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	221		
jul	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	345		
aug	Obligasjonslån		400	
	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	340		
sep	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	221		
okt	Obligasjonslån		360	
	Sertifikat 12 mnd	350		
	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	345		
nov	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	340		
des	Sertifikat 9 mnd	441		Innfriast - årets avdrag
	Sertifikat 3 mnd, rulleringsavt.	221		

### Bankinnskot

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot ved utgangen av april:

	Des. 2015	April 2016
Ordinære bankinnskot	783 401	653 345
Skattetrekksmidler	113 016	131 564
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	503 369	513 802
Bankkonti bompengeprojekt	171 104	180 031
Sum bankinnskot	1 570 890	1 478 742
Kassabeholdningar	21 512	21 573
<b>Sum bankinnskot og kassabeholdn.</b>	<b>1 592 402</b>	<b>1 500 315</b>

Summen av innskot har gått litt ned sidan førre rapportering, men er likevel 1,5 mrd. kr.

### Renterisiko

Slik situasjonen er pr. 30. april, vil endringar i rentenivået gje små utslag for fylkeskommunen første året. Ein auke i rentenivået på 1 % ville føre til auka renteutgifter med 29,7 mill. kr. På den andre sida ville ein få auka inntekter av bankinnskot, utlån og rentekompensasjon på ca. 26,8 mill. kr. Netto utgift ville berre auke med om lag 3 mill. kr.

Ein kan konkludere med at fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men om ein ser 3-4 år fram i tid, er auke i rentenivået ein stor risikofaktor.

### Prognose i høve til budsjett

Ein reknar med å oppnå ei innsparing i høve til budsjettet for 2016 på 10 - 15 mill. kr.

Som vedlegg til saka følgjer ein rapport utarbeidd av Bergen Capital Management. Her finn ein meir detaljopplysningar, m.a. ei oppstilling av alle fylkeskommunen sine lån med gjeldande rentesatsar.